

Nordsjøkommisjonen vart oppretta i 1989 som ein geografisk underkommisjon av Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR). Organisasjonen har i dag 31 medlemmar som representerer 8 land rundt Nordsjøen. Nordsjøkommisjonen er først og fremst ein politisk organisasjon – ein arena for regionar rundt Nordsjøen til å samordne interesser, samarbeide og utvikle politikk. Arbeidet i NSC vert styrt av strategidokumentet North Sea Region 2020. Strategien blir operasjonalisert gjennom arbeid i dei tematiske gruppene.

Rapportering frå Nordsjøkommisjonen (NSC) sine temagrupper

Gruppe: Energy and Climate Change Group (ECCG)

Representantar frå Hordaland: ingen politisk representant
Karen Nybø, Regionalavdelinga, administrativ

Tid og stad

Fredrikstad 13.juni 2018.	Tilstades frå Hordaland: Karen Nybø
---------------------------	-------------------------------------

Hovudsaker

“Hydrogen developments and related issues like (North Sea) infrastructure in ports and inland” var hovudtema på møtet. Det var ei oppfølging av møtet i februar 2018 i Groningen.

Det var presentasjoner om tema som er aktuelle for ECCG sin del av [“Action plan”](#)

Aberdeen city, “Hydrogen transport economy for the North Sea Region 2”

Hordaland FK, “Hydrogen in Hordaland” (maritim og landbasert, Strategi -Vestlandsrådet)

Østfold FK “Fossilfri transport i Østfold” (el, hydrogen, biogass)

Drenthe Provincie, “Clean energy for all Europeans, Energy Union and role of H₂

Dei fire som heldt innlegg vil lage eit såkalla «position paper» på hydrogen som skal presenterast på «Wind needs gas»-summit Groningen 198.-19.oktober 2018.

Det blir felles event med transportgruppa i NSC første kvartal 2019.

Nokre av medlemsregionane (Highlands, Hordaland, Vestfold, Agder, Aberdeenshire and Groningen) har levert Factsheets on Energy transition og dei vart distribuert. Diskusjon om korleis bruke dei.

Det var ein eigen sesjon 14 June 2018, Frederikstad med fleire innleiingar på tema ‘Responding to Climate Change’. Det vart m.a påpeikt at ein må sjå multifunksjonelt på planlegging i nordsjøbassenget. “Alle” vil nytte Doggerbanken, nasjonalstatane må også inn.